



Sjekkliste for egenrevisjon

## 60 HONNING

© Stiftelsen Norsk Mat  
Versjon 2023.10

Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet



Denne sjekklista er for deg som driv med honningproduksjon eller har planar om å byrje med det. I tillegg til denne sjekklista skal du fylle ut sjekkliste Helse, miljø og sikkerheit. Viss du produserer andre ting enn honning, må du fylle ut eigne sjekklister for det. Bruk også Handboka og noteringsskjemaet du finn der Sjekklista viser fleire stader til Handboka, som Honningcentralen gjev ut. Handboka hjelper deg når du skal fylle ut sjekklista. Som du skal sjå, viser sjekklista også mange stader til eit noteringsskjema frå Handboka. Som birøktar pliktar du å ta vare på ein del opplysningar om drifta. Dei fleste krava følgjer av lover og forskrifter, og somme krav har næringa pålagt seg sjølv. Noteringsskjemaet er eit godt hjelpemiddel for deg til å oppfylle desse krava. Det har 9 delar. Du kan skrive ut både kapitla i Handboka og del 1–9 av noteringsskjemaet frå Honningcentralen sine nettsider. Produserer du økologisk honning? Om nokre av krava i denne sjekklista kjem i konflikt med særkrava frå Debio, er det Debio-krava som gjeld.

## 60.1 REGISTRERING



### 60.1.1 Er bigarden din merkt med namn, adresse og telefonnummer? Og har kvar einskild bikube eit unikt nummer som identitetsmerke?

Merk bigarden riktig, slik at styresmaktene og andre kan vite kven som eig han.

#### § Krav

Landdyrsporbarhetsforskriften	Lovkrav
-------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 60.1.2 Har du registrert alle bigardsplassane dine hos Mattilsynet?

Når du opprettar ein bigardsplass, må du registrere han i det sentrale registeret hos Mattilsynet seinast éin dag på førehand. Dette gjer du på enklaste måte ved å fylle ut skjemaet «Registrer/oppdater birøkt» i Mattilsynet sine skjematjenester (MATS).

#### § Krav

Skjema for registrering av bigård	Informasjon
-----------------------------------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 60.1.3 Har du meldt frå til Mattilsynet om bigardsplassar som du ikkje lenger bruker?

Når du legg ned ein bigardsplass, må du melde frå om det innan 30 dagar. Dette gjer du på enklaste måte ved å fylle ut skjemaet «Registrer/oppdater birøkt» i Mattilsynet sine skjematjenester (MATS).

#### § Krav

Landdyrsporbarhetsforskriften	Lovkrav
Registreringsskjema	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



#### 60.1.4 Er du registrert som honningseljar hos Mattilsynet?

##### Registrer deg dersom du sel honning til butikkar, marknader o.l.

Alle birøktarar som vil selje honning, skal registrere seg hos Mattilsynet. Denne registreringa kjem i tillegg til registreringa av bigardsplassar.

Viss du skal selje til lokalmarknaden, det vil seie Bondens marknad, torget, lokale butikkar og elles i nærområdet, skal du registrere dette som «Omsetning av animalsk råvare direkte frå produsent». Dette gjer du ved å fylle ut skjemaet «Ny næringsmiddelverksemd inkl. matkontaktmateriale» i Mattilsynet sine skjematjenester (MATS).

##### Ikkje registrer deg dersom du leverer alt til ein honningsentral e.l.

Du treng ikkje å registrere deg viss du leverer all honningen din til ein honningsentral e.l. Det er heller ikkje nødvendig dersom du berre tilfeldig leverer varer frå honningproduksjonen din direkte til sluttforbrukarar.

##### § Krav

Skjema for registrering	Informasjon
Forklaring til produksjonsformer i skjematenesten	Informasjon
Bruk av Mattilsynets skjemateneste	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



#### 60.1.5 Sel du honning i stor skala, og er du i så fall registrert hos Mattilsynet som honningverksemd?

Viss du skal selje honning i stor skala eller fungere som grossist, det vil seie ta imot honning frå andre for å vidareforedle og selje det, må du registrere garden din som honningverksemd. Dette gjer du i skjematenestene til Mattilsynet (MATS).

##### § Krav

Næringsmiddelhygieneforskriften	Lovkrav
Lokalmat - honning	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



## 60.1.6

### Oppfyller du vilkåra for å flytte biene dine i Noreg?

Skal du flytte bier mellom bigardar i Noreg, må biene komme frå ein bigard der biene dei to siste åra har gått gjennom desse undersøkingane med negativt resultat:

- klinisk undersøking for lukka yngelrøte, open yngelrøte, steinyngel og lita kubebille,
- visuell undersøking for varroainfeksjon (gjeld berre ved flytting innanfor region A eller B, sjå vedlegg II til landdyrflyttingsforskrifta), og
- mikroskopisk undersøking for trakémiddinfeksjon (gjeld berre ved flytting frå sone B2 til andre delar av landet, sjå vedlegg II til landdyrflyttingsforskrifta).

Birøktarar som har teke og greidd kompetansekurs, kan sjølv sørge for undersøkingane i eigne bigardar. Dei må melde frå til Mattilsynet om at dei gjer dette. Birøktarar utan nødvendig kompetansekurs må få ein veterinær eller Mattilsynet til å utføre undersøkingane.

Det er berre birøktarar med kompetansekurs som kan opprette svermebigardar. I svermebigardar skal undersøkingane gjerast sjølv om det ikkje skal flyttast bier derifrå.

#### § Krav

Landdyrforflyttingsforskriften	Lovkrav
Registrere bigårdsplasser og flytte bier i Norge	Informasjon

## 60.2 SMITTEVERN

### 60.2.1 Set du inn tiltak for å halde ved lag god hygiene i bigarden?

Ha god hygiene i bigarden din, då bidreg du til å bevare god helse i norsk birøkt. Reingjer bikubar og bimateriell jamleg, og skift ut vokstavler når det er nødvendig (sjå kapittel 4 i *Handboka*).

#### § Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 60.2.2

### Melder du frå til Mattilsynet ved mistanke om eller påvising av liste 2- eller liste 3-sjukdommar?

Meld straks frå til Mattilsynet dersom du oppdagar eller har mistanke om følgjande liste 2-sjukdommar:

- lukka yngelrøte
- open yngelrøte
- steinyngel
- lita kubebille (*Aethina tumida*)
- tropilaelapsmidd

Meld frå til Mattilsynet så fort som mogleg dersom du oppdagar eller har mistanke om varroainfeksjon eller oppdagar trakémiddinfeksjon.

Meld elles frå til veterinær ved unormale dødstal, andre teikn på alvorleg sjukdom eller vesentleg redusert produksjonstakt av ukjend årsak hos bier.

#### *Unntak frå meldeplikta*

Dersom bigarden din ligg i region C, treng du ikkje å melde frå om varroainfeksjon (sjå vedlegg II til landdyrflyttingsforskrifta). Dersom bigarden din ligg i sone B1, treng du ikkje å melde frå om trakémiddinfeksjon (sjå vedlegg II i landdyrflyttingsforskrifta og kapittel 7 i Handboka).

#### § Krav

Informasjon om bier	Informasjon
Landdyrflyttingsforskrifta	Lovkrav
Dyrehelseforskrifta	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 60.2.3

### Har du i desse situasjonane sett inn tiltak for å hindre smittespreiing:

- ved mistanke om eller påvising av liste 2-sjukdom uansett landsdel
- ved påvist varroainfeksjon utanfor region C
- ved påvist trakémiddinfeksjon utanfor sone B1?

Dersom du har mistanke om eller har fått påvist ein liste 2-sjukdom i bigarden din, skal verken bier, bieprodukt eller brukt kubemateriell førast ut av bigarden. Du pliktar også å setje i verk tiltak for å hindre smittespreiing og motverke sjukdommen, og du skal setje opp varselskiltet frå Mattilsynet. Du skal også sørge for at journalen over produksjon, helse og sporing på bigarden blir ajourført. Du finn meir informasjon om dette i kapittel 7 i Handboka.

Dersom biene viser kliniske teikn på varroa- eller trakémiddinfeksjon, skal dei ikkje førast ut av bigarden (ikkje bringast i kontakt med bier i andre bigardar) inntil noko anna er bestemt.

#### *Unntak frå plikta til å setje i verk tiltak*

Det er lov å omsetje eller flytte bier med kliniske teikn på varroainfeksjon i region C (sjå vedlegg II til landdyrflyttingsforskrifta). Det er også lov å omsetje eller flytte bier med kliniske teikn på trakémiddinfeksjon i sone B1 (sjå vedlegg II til landdyrflyttingsforskrifta).

#### § Krav

Landdyrflyttingsforskrifta	Lovkrav
Forskrift om dyrehelse (dyrehelseforskrifta)	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

#### 60.2.4

##### Har du overhalde forbodet mot å føre bier i alle utviklingstrinn og kubemateriell frå region C til region A og B?

Det er forbode å overføre bier i alle utviklingstrinn frå egg til fullt utvikla bier (imago) og brukt kubemateriell frå region C til region A og B (sjå vedlegg II til landdyrflyttingsforskrifta). Dette er viktig for å førebyggje spreining av varroainfeksjon.

##### Unntak frå forbodet:

Det er lov å overføre brukt kubemateriell som ikkje har vore i kontakt med bier dei siste 10 døgn. Du finn meir informasjon om dette i kapittel 7 i Handboka.

Det er også lov å overføre bidronningar på desse vilkåra:

- Før bidronningane blir sende, skal dei vere visuelt undersøkte under stereolupe i eit bifritt rom og funne frie for varroainfeksjon.
- Bidronningane skal sendast til mottakaren i lukka bur som kvart inneheld éi enkelt bidronning og maksimum 20 følgjebier. Følgjebiene skal komme frå ein bigard i mottakarregionen som har gått gjennom alle undersøkingar som krevst for å flytte bier internt i Noreg.
- Når biene kjem fram til mottakaren, skal følgjebiene destruerast og bidronningane undersøkjast visuelt for varroamid. Bidronningane kan berre innførast i mottakarbigarden dersom resultatet av undersøkinga er negativt.

#### § Krav

Landdyrflyttingsforskrifta	Lovkrav
----------------------------	---------

#### 60.2.5 Har du overhalde forbodet mot å føre bier og yngel ut av sone B1?

Det er forbode å overføre fullt utvikla bier (imago) frå sone B1 til andre delar av landet (sjå vedlegg 1 til *birøktforskrifta*). Dette er viktig for å førebyggje spreining av **trakémidd**. Du finn meir informasjon om dette i kapittel 7 i *Handboka*.

#### § Krav

Landdyrflyttingsforskrifta	Lovkrav
----------------------------	---------

#### 60.2.6 Har du overhalde flytteforbodet i samband med plantesjukdommen pærebrann?

**Frå 1. mai til 25. september** er det forbode å flytte bikubar til, innanfor og ut av kommunar som ligg i sone som er oppretta for å motverke plantesjukdommen **pærebrann**. Du kan søkje Mattilsynet om dispensasjon frå flytteforbodet.

#### § Krav

Forskrift om tiltak mot pærebrann	Lovkrav
-----------------------------------	---------

#### 60.2.7 Set du inn tiltak for å førebyggje sverming frå bigarden din?

For å minske faren for sjukdomspreiing og for å unngå at folk blir plaga, skal du ha tiltak som førebyggjer sverming frå bigarden (sjå kapittel 4 i *Handboka*).

#### § Krav

Dyrehelseforskrifta	Lovkrav
---------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 60.2.8 Plasserer du innfanga svermar i ein svermebigard?

For å hindre at smittsame sjukdommar spreier seg, skal du plassere svermar av ukjent opphav i ein eigen svermebigard.

#### § Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 60.2.9 Flyttar du innfanga svermar etter fire dagar?

For å hindre spreiring av meldepliktige sjukdommar skal du setje innfanga svermar i ein tom, reingjort kube med byggjetilvising eller byggjevokstavler. Etter fire dagar skal du flytte biene over i ein reingjort kube med byggjevokstavler. Den brukte voksen skal sendast til omsmelting eller brennast.

#### § Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 60.2.10 Er dronning og bifolk norske?

For at du skal få honningen din godkjend som norsk honning (KSL-honning) må dronning og bifolk vere norske. Du kan bruke importerte dronningegg og importert dronesæd og framleis få honningen godkjend som norsk. Honningproduksjonen blir derimot ikkje rekna som norsk viss du har brukt importerte dronningar og dronningceller.

### 60.2.11 Unngår du å bruke brukt kubemateriell frå utlandet?

Det er forbode å importere brukt kubemateriell, men det er lov å importere brukt utstyr til honningbehandling som er gjort reint og desinfisert.

#### § Krav

Forskrift om birøkt	Lovkrav
---------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 60.2.12 Kontrollerer du bier frå svermebigardar før du tek dei inn i ein ordinær bigard?

Når du skal flytte bier frå ein svermebigard til ein vanleg sertifisert bigard, må du kontrollere biene for visse sjukdommar (sjå del 2 av noteringsskjemaet). Viss du er sertifisert birøktar, kan du gjere dette sjølv. Viss ikkje må du få Mattilsynet til å kontrollere det.

#### § Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 60.2.13

#### Kjem bier (inkludert dronningar) og utbygde vokstavler som du har kjøpt, frå ein registrert bigard?

Berre sertifiserte bigardar har lov til å selje utbygde vokstavler og bier. Dette gjeld bier i alle utviklingstrinn frå egg til imago (fullt utvikla bier).

Vi rår til at du ber om ei skriftleg stadfesting på at bigarden du kjøper frå, er sertifisert, til dømes ein kopi av del 2 i noteringsskjemaet, saman med ein kopi av sertifiseringskursbeviset til seljaren.

#### § Krav

Skjema for registrering	Informasjon
-------------------------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 60.2.14 Kan du stadfeste at kubemateriell du har kjøpt brukt, er reingjort og ikkje har vore i kontakt med bier dei siste 10 døgn?

Ikkje-sertifiserte gardar kan selje brukt kubemateriell (utanom utbygde vokstavler) dersom materiellet er reingjort og ikkje har husa bier dei siste 10 døgn før dei blir flytta.

#### § Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 60.2.15 Har du notert datoen og identifikasjonsmerket for bikubane kvar gong du har flytta bifolk mellom registrerte bigardsplassar?

Du skal alltid notere datoen og identifikasjonsmerket for bikubane når du flyttar bifolk mellom registrerte bigardsplassar. Ta vare på notata i minst 5 år.

#### § Krav

Landdyrsporbarhetsforskriften	Lovkrav
-------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 60.2.16

#### Fører du liste over alle sendingar av bier, kubemateriell og vokstavler til og frå registrerte bigardar ved kjøp, sal, utleige, utlån og gåver?

Du skal føre fortløpande liste over alt du sender eller tek imot av bier, brukt kubemateriell og utbygde vokstavler. Ta alltid med datoen, kva sendinga gjeld (dronningar, bifolk, egg, vokstavler, kubemateriell, osv.), og namn og adresse til sendar og mottakar. Dersom sendinga går mellom to sertifiserte bigardar, kan du føre opplysningane i del 3 av noterings skjemaet.

Det er ikkje lov å innføre bier eller utbygde vokstavler frå bigardar som ikkje er sertifiserte.

#### § Krav

Landdyrsporbarhetsforskriften	Lovkrav
-------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 60.3 SJUKDOMSBEHANDLING

### 60.3.1 Sikrar du at biene dine ikkje blir tilført forbodne stoff, og at honningen din ikkje inneheld restmengder av forbodne stoff, forureinande stoff eller restmengder av veterinærpreparat?

Som birøktar er du ansvarleg for å sikre at biene dine ikkje blir tilført forbodne stoff, og at honningen din ikkje inneheld restmengder av forbodne stoff, forureinande stoff eller restmengder av veterinærpreparat. Dette skal sikre at honning er eit reint produkt (sjå kapittel 4 og 7 i *Handboka*).

#### § Krav

Matloven	Lovkrav
Håndboken	Bransjekrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt





### 60.3.2 Fører du ei liste over sjukdomsbehandlinger med dato og behandlingstype?

Du er ansvarleg for å føre liste over all sjukdomsbehandling. Det er berre tillate å bruke godkjente legemiddel. Noter datoen og kva slags preparat eller metode biene har blitt behandla med. Bruk del 5 av noteringsskjemaet.

#### § Krav

Håndboken	Bransjekrav
-----------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 60.4 AVL

### 60.4.1 Har du sikra at du ikkje har flytta bier i konflikt med reinavlsområde?

Innan eit reinavlsområde er det berre lov å halde bier av den rasen som området er godkjent for. Det er egne føresegner for mellom anna vandring ut og inn av eit reinavlsområde. Du skal melde frå om slik vandring til birøktarlaget i fylket ved fagleg utval for biavl innan 1. oktober same år.

#### § Krav

Forskrift om avlsfremmende tiltak på bier	Lovkrav
---	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 60.4.2 Har du sikra at du ikkje har flytta bier i konflikt med parestasjonar?

Vandring ut og inn av område rundt parestasjonar eller innføring av avlsmateriale i form av embryo og sæd til slike område må ikkje skje utan skriftleg løyve frå Noregs Birøktarlag. For at Birøktarlaget skal gje eit slikt løyve, må det ikkje vere fare for skade på pågåande avlsarbeid. I tillegg må føresegnene om førebygging av sjukdom vere oppfylte.

#### § Krav

Forskrift om avlsfremmende tiltak på bier	Lovkrav
---	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 60.5 FÔRING

### 60.5.1 Fôrar du biene på ein slik måte at det ikkje utgjør fare for honningforfalsking?

For å unngå honningforfalsking (honning iblanda sukker) må du syte for at biene ikkje har tilgang på flytande fôr etter at trekket har starta (jf. kapittel 5 i *Handboka*).

#### § Krav

Forskrift om honning	Lovkrav
Håndboken	Informasjon
Håndboken	Bransjekrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 60.5.2 Dokumenterer du fôringstider, fôrmengd og fôrtype?

Til dette kan du bruke del 4 av noteringsskjemaet. Ved å føre riktig med den rette fôrqualiteten unngår du honningforfalsking.

#### § Krav

Håndboken	Lovkrav
-----------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 60.6 HANDTERING AV VOKS

### 60.6.1

#### Tek du vare på bivoksen?

Bivoks skal ikkje forlata vokskrinløpet. Voks frå kasserte rammer leverast inn til voksmottak, eventuelt brukast om att i eigen drift.

#### § Krav

Håndboka	Bransjekrav
----------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 60.6.2

#### Sørgjer du for nødvendige hygienetiltak og forsvarleg oppbevaring av voks m.m.?

Du må sørgje for nødvendig reingjering eller utskifting av brukt bikubemateriell, utbygde vokstavler, klede, fottøy og anna utstyr som blir brukt i bigarden. Bikubar som ikkje inneheld levande bier, og utbygde vokstavler som ikkje er i bruk, skal oppbevarast slik at ikkje bier har tilgang til dei.

Voks på lager eller på veg til vokspresseri skal ikkje komme i kontakt med levande bier. Voksbitar skal heller ikkje liggje slengt i bigarden.

#### § Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 60.6.3 Unngår du å bruke bieprodukt frå utlandet eller andre sin bigard i Noreg, bortsett frå godkjend voks?

Du skal ikkje bruke bieprodukt (honning, bivoks, pollen, propolis, dronninggelé) frå utlandet eller andre sin bigard i Noreg. I utgangspunktet kan du berre bruke norsk, varmebehandla byggjevoks. I enkelte tilfelle er det lov å bruke importert voks som er varmebehandla ved minimum 120 °C i 30 minutt. Du kan bruke utbygde vokstavler frå andre så lenge animaliebieproduktregelverket blir overhalde.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 60.6.4 Kan du dokumentere at du berre bruker varmebehandla voks?

Voksløperandørar må kunne levere ei erklæring om at voksen dei sel, er pressa og varmebehandla ved minimum 120 °C i 30 minutt.

#### § Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 60.7 BEHANDLING, PAKKING OG LAGRING AV HONNING

### 60.7.1 Merkjer du honning til sal og gåver rett?

All honning du pakkar til sal og gåver, skal vere tydeleg merkt. Dette må vere med:

- varenemning
- nettovekt
- best før-dato
- namnet/firmanamnet ditt og adressa di
- ei tydeleg åtvaring om at ein ikkje må gje produktet til barn under 12 månader

Du finn meir informasjon om rett merking i kapittel 5 i *Handboka*.

#### § Krav

Forskrift om advarselsmerking av honning	Lovkrav
Håndboken	Bransjekrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 60.7.2 Sel du honningen din i ny og rein emballasje som er godkjend for bruk til næringsmiddel?

Du skal tappe honning til forbrukarar i ny og ren emballasje. Emballasjen skal vere godkjend for bruk til næringsmiddel. Vi tilrår at du undersøker med den du kjøper emballasjen frå, om emballasjen er godkjend.

#### § Krav

Matkontaktforskriften	Lovkrav
Håndboken	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 60.7.3 Transporterer du honning med lokket på og i lukka vogn eller hengjar med presenning?

Birøktar er ansvarleg for, ved eigen eller delt transport med andre, å sikre at honning blir transportert på ein hygienisk måte til mottaksstad (jf. kapittel 5 i *Handboka*).

#### § Krav

Håndboken	Lovkrav
-----------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



#### 60.7.4 Behandlar du honningen slik at han held nødvendig kvalitet?

Forskrift om honning stiller visse krav til kvaliteten på honning. Nokre viktige kriterium for at eit produkt kan kallast honning, er at det

- ikkje skal vere gjæra
- ikkje skal ha framand smak eller lukt
- som hovudregel ikkje skal innehalde over 20 prosent vatn ved sal
- ikkje skal vere (varme)behandla på ein slik måte at det endrar karakter

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

#### Følgjer du med på risikofaktorar med tanke på gjæring?

For å ha kontroll med at honningen ikkje gjærar, må du kontrollere vassinnhaldet i honningen ofte og jamleg registrere temperaturen og luftfukta i slyngerom og varme-/tørkerom. Merk deg òg om det er sterke eller uvanlege lukter i rommet, for det er òg noko som kan gå ut over kvaliteten på honningen.

Bruk gjerne del 9 av noteringsskjemaet til å registrere det du observerer. Du finn meir informasjon i kapittel 5 i *Handboka*.

#### Har du kontroll med farar for mattryggleiken?

Du skal ha gått gjennom drifta på garden for å kartleggje farar, og du skal ha kontroll med farar når honningen blir handtert – både før og etter hausting. Syt alltid for god hygiene når du behandlar honning.

Bruk gjerne del 7 av noteringsskjemaet til å dokumentere dei farane du har kartlagt og notere kva du kan gjere for å hindre at noko går gale.

Du finn meir informasjon om dokumentasjonskrav, hygienekrav og kvalitetskrav i kapittel 5 i *Handboka*.

#### § Krav

Forskrift om honning	Lovkrav
Håndboken	Bransjekrav

## 60.8 GENERELLE KRAV FOR DEI SOM IKKJE HAR ANDRE PRODUKSJONAR ENN HONNING



#### 60.8.1 Er nødvendig dokumentasjon knytt til KSL og drifta oversiktleg og tilgjengeleg for dei som skal sjå han?

Syt alltid for å ha oversikt over aktuell dokumentasjon. Oversikta treng ikkje vere detaljert. Når det gjeld dokument som er viktige for den daglege drifta, bør det finnast ei skriftleg oversikt over dei, slik alle kan finne dei når det trengst.

#### Døme på aktuell dokumentasjon:

- tilsynsrapportar
- rapportar frå el-kontrollar

#### Har du blitt trekt ut til KSL-revisjon?

Viss du skal få KSL-revisjon (revisjon utført av Matmerk), har du plikt til å ha all nødvendig dokumentasjon lett tilgjengeleg, same kva dokumentasjonssystem du har brukt. Alle dokumentasjonskrav er spesifikt gjevne i KSL-standardten.

#### Ta vare på tilsynsrapportar

Ta vare på offentlege tilsynsrapportar, så du kan dokumentere det når du har hatt tilsynsbesøk. Sjølv om det ikkje er funne avvik eller manglar hos deg, bør du krevje å få ein skriftleg rapport for å kunne dokumentere tilsynet.

#### Kor lenge skal du ta vare på dokumenta?

Når det blir stilt krav om dokumentasjon, er hovudregelen at du skal ta vare på dokumenta så lenge dei er aktuelle og har noko å seie for drifta. I nokre tilfelle seier regelverket kor lenge dokumenta skal takast vare på. Dette står i så fall i rettleiinga til dei spørsmåla i sjekklista det gjeld.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 60.8.2 Har du oversikt over alle driftsmidla du har kjøpt, og alle produkta du har selt frå bigarden (eitt ledd fram og eitt ledd tilbake)?

#### Kven kjøper du frå?

Det skal vere råd å spore kvar du har kjøpt driftsmidla du bruker på garden, slik som gjødsel, fôr og plantevernmiddel. Så langt det er praktisk mogleg, skal det òg kunne sporast kvar på garden driftsmidla er brukte.

#### Kven sel du til?

Det skal også vere råd å spore kven du sel produkta dine til. Ved direkte sal skal næringsmiddel du sel, vere greitt merka eller identifisert for at dei skal vere lettare å spore.

#### Bruker du rekneskapen som grunnlag for sporinga?

Viss du bruker rekneskapen med bilag til å spore kjøp og sal, må rekneskapen vere lett tilgjengeleg. Det generelle sporingskravet er at det skal vere råd å spore eitt ledd fram og eitt tilbake.

#### Kvifor er det viktig å kunne spore det du kjøper og sel?

Sporingsopplysningane skal særleg vere med på å

- sikre rask og målretta tilbaketrekking av fôr- og matvarer som ikkje er trygge
- gje grunnlag for målretta og nøyaktig informasjon til forbrukarane om maten
- setje tilsynsmakta i stand til å vurdere og eventuelt handtere risikoar som produsentane ikkje kan handtere på eiga hand

#### § Krav

Matlovsforskriften	Lovkrav
Bokføringsloven	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 60.8.3 Kan du dokumentere at brukt utstyr som du har kjøpt frå utlandet, var reingjort og eventuelt desinfisert før det blei sendt til Noreg, og at denne behandlinga blei gjenteken etter at du fekk utstyret?

Import av brukt utstyr til husdyr- og planteproduksjon kan utgjere ein risiko for spreining av dyresjukdommar og planteskadegjerarar. Dette gjeld jordarbeidings- og hausteutstyr, alle typar innreiing, golv, mjølkeutstyr, fôringsutstyr, utstyr til handtering av gjødsel og anna utstyr som har vore i kontakt med jord, dyr eller avføring frå dyr i andre land. Importert bivoks, bivoks kjøpt i utlandet eller på nett frå utenlandske forhandlarar utgjør ein stor risiko for spreining av biesjukdommar.

#### Minsk risikoen for å spreie sjukdommar og skadegjerarar

For å minske denne risikoen skal alt slikt utstyr vere reingjort og eventuelt desinfisert med innarbeidde metodar og godkjende desinfeksjonsmiddel før det blir sendt til Noreg. For at vask og desinfeksjon skal vere effektivt, må utstyret demonterast først.

Dokumentasjon/sertifikat på at utstyret er reingjort og eventuelt desinfisert, skal følgje med når utstyret kjem fram til mottakaren i Norge.

Du må også vaske og eventuelt desinfisere utstyret på ny etter at det kjem fram til deg. Deretter skal det stå tørt i minst 14 dagar før det blir teke i bruk.

#### § Krav

Forskrift om forbud mot innførsel av dyr og smitteførende gjenstander	Lovkrav
---	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

#### 60.8.4 Førbyggjer og kjempar du mot skadedyr?

Du skal drive systematisk førbyggjande arbeid mot skadegjerarar. Viss du likevel har problem med skadedyr (til dømes mus, rotter og fuglar) som kan påverke mattryggleiken eller produktkvaliteten, skal du notere kva problemet er, kvar problemet er, og kva du gjer for å løyse det.

##### § Krav

Forskrift om skadedyrsbekjempelse	Lovkrav
-----------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



#### 60.8.5 Dersom du har observert skadedyr som kan gå ut over mattryggleiken, dokumenterer du kvar dei finst og kor mykje det finst av dei? Og har du sett i gang tiltak for å kjempe mot dei?

Dersom du får skadedyrproblem som kan gå utover mattryggleiken, og som du ikkje klarer å løyse med ordinære skadedyrtiltak, skal du ha ein rutine for å registrere og setje i verk tiltak som raskt og effektivt får bukt med problema.

##### § Krav

Næringsmiddelhygieneforskriften	Lovkrav
---------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



#### 60.8.6 Har du dokumentert kva skadedyrmiddel du bruker, og kvar midla er plasserte?

Du skal dokumentere kva slags skadedyrmiddel du har brukt, og kvar dei er plasserte. Dette kan du gjere på eit kart eller ved hjelp av ei enkel skisse.

##### § Krav

Forskrift om skadedyrsbekjempelse	Lovkrav
-----------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

#### 60.8.7 Veit du at du skal melde frå til Mattilsynet og varemottakarane viss du har mistanke om at produkta dine er helseskadelege, og at du i så fall skal ha rutinar for å kalle tilbake dei produkta det gjeld?

Viss du har grunn til mistanke om at du har selt helseskadelege produkt, skal du varsle Mattilsynet og varemottakarane dine med ein gong. Vidare skal du stanse omsetnaden eller trekkje tilbake produkta frå marknaden for å førbyggje eller redusere eventuelle skadeverknader.

##### § Krav

Matloven	Lovkrav
----------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 60.8.8 Leverer du alt farleg avfall til eit godkjent mottak?

#### Kva er farleg avfall?

Farleg avfall er avfall som er skadeleg for folk, dyr og miljø. Alle som oppbevarer, transporterer eller handterer farleg avfall, skal gjere nødvendige tiltak for å unngå skade på folk, dyr og miljø.

#### Hald det farlege avfallet for seg sjølv

Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall. Ulike typar farleg avfall skal heller ikkje blandast saman dersom det kan skade miljøet eller gjere det vanskeleg å handtere avfallet vidare på ein god måte.

#### Lever alltid farleg avfall til eit godkjent mottak.

Døme på farleg avfall er

- restar av plantevernmiddel
- oljerestar
- spillolje
- malings- og lakkrestar
- elektrisk og elektronisk avfall
- bly- eller nikkelkadmiumhaldige batteri
- ikkje reingjord tomemballasje

Emballasje som du har reingjort i tråd med rettleiinga på etiketten, kan du levere saman med anna avfall. Restar av biologiske preparat skal destruerast på den måten som står på etiketten.

#### Har du meir enn 1 kilo farleg avfall i året?

I så fall skal du levere det til eit godkjent mottak minst éin gong per år. Nokre stader kan ein få ein avtale om henting av farleg avfall.

#### El-avfall

Les meir om sortering av el-avfall på [renas.no](http://renas.no).

#### § Krav

Forurensningsloven	Lovkrav
Avfallsforskriften	Lovkrav

### 60.8.9 Leverer du anna produksjonsavfall til godkjende mottak?

Døme på produksjonsavfall er

- landbruksplast
- metall
- papir
- papp
- bildekk og traktordekk
- bygg- og anleggsavfall

Det er forbode å brenne produksjonsavfall ope eller i småomnar.

#### Produksjonsavfall skal ikkje verke skjemmande eller vere til skade for miljøet

Viss du har etterlate, tømt eller oppbevart produksjonsavfall slik at det kan verke skjemmande eller vere til skade for miljøet, kan kommunen gje deg pålegg om å fjerne det, rydde det opp innan ein viss frist eller dekkje rimelege utgifter til fjerning eller opprydding av avfallet.

#### § Krav

Forurensningsloven	Lovkrav
--------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 60.8.10 Bruker du landbruksfolie og annan emballasje frå leverandørar som er medlem i Grønt Punkt Norge?

#### Sjekk fakturaar og rekneskapsbilag

På fakturaar frå emballasjeleverandørar som er medlem, er det påført eit miljøgebyr. Kva leverandørar du har brukt, vil du sjå på bilaga til rekneskapen din. Er du usikker på om ein leverandør er medlem, kan du be dei om å dokumentere det.

#### Kvifor er dette viktig?

Medlemmene i Grønt Punkt Norge betaler eit vederlag som blir brukt til ulike innsamlings- og gjenvinningsordningar for landbruksplast og annan emballasje. Føremålet er å sikre minst mogleg forureining og forsøpling frå landbruket.

#### Medlemsoversikt og meir informasjon

Du finn ei oversikt over medlemmene i Grønt Punkt Norge og nyttig informasjon om kjeldesortering av landbruksplast på [grontpunkt.no](http://grontpunkt.no).

#### § Krav

Grønt Punkt Norge AS	Bransjekrav
----------------------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt